

Innkalling

Utval	Ålesund kontrollutval
Møtestad	Lerstadvegen 545, 3. etasje kantina
Dato	06.09.2023
Tidspunkt	kl 16:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksiks.no eller på telefon 92611735

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

Møtet vart flytta frå 23. august til 6. september.

Sakliste

PS 26/23	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 27/23	Orienteringar
OS 04/23	Orientering om oppfølging etter mislege handlingar, til læring og forbetring
PS 28/23	Rapport frå forvaltningsrevisjon 2023 innan psykisk helsearbeid for barn og unge i Ålesund kommune
PS 29/23	Revisjons- og kommunikasjonsplan 2023 - Ålesund kommune
PS 30/23	Tilråding budsjetttramme for kontrollarbeidet 2024 - nye Ålesund kommune
PS 31/23	Tilråding budsjetttramme for kontrollarbeidet 2024 - nye Haram kommune
PS 32/23	Oppfølging av kontrollutvalet sine saker - oversikt per 01.09.2023.
PS 33/23	Erfaringsoverføring og evaluering av utvalsperioden Ålesund kontrollutval
PS 34/23	Meldingar
MS 18/23	Innkalling generalforsamling 01.09.2023 - Bingsa Gjenvinning AS
MS 19/23	Møre og Romsdal Revisjon SA - Protokoll årsmøte 2023
MS 20/23	Erklæring om oppdragsansvarleg revisor sitt sjølvstende - Ålesund kommune 2023

Ålesund, 28.08.2023

Bente Bruun
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Rådgjevar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 26/23 Ålesund kontrollutval

Møtedato
06.09.2023

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Møteprotokoll - Ålesund kontrollutval - 07.06.2023

Møteprotokoll

Utval	Ålesund kontrollutval
Møtestad	Lerstadvegen 545, 3. etasje kantina
Dato	07.06.2023
Tidspunkt	kl 16:00 - 19:00

Følgjande medlemmer møtte

Bente Bruun
Jannicke Strømmen
Kåre Alfred Hanken
Terri-Ann Senior

Forfall

Knut Helge Vestre

Møtande varamedlem

Terje Devold

Møtenotat

Frå Ålesund kommunale eigedom KF var dagleg leiar Bjørnar Helland og rådgjevar Gunnar B. Skuseth invitert og møtte på sak 22/23.

Frå Møre og Romsdal revisjon SA var oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor Linn Pettersen tilstades.

Frå kommuneadministrasjonen møtte kommunedirektør Jon Steven Hasseldal.

I tillegg møtte økonomisjef Lars Fylling på sak 22/23 og 23/23. Kommunalsjef helse Synnøve Vasstrand Synnes og verksemdleiar teknologi og innovasjon Helge Veum på sak 24/23.

Frå kontrollutvalsekretariatet deltok rådgivar Solveig Kvamme.

Med bakgrunn i oppslag i nasjonal presse den siste tida, om at der er avdekka alvorlege avvik i systemet som vert nytta til å sende bekymringsmeldingar til barnevernet, bad kontrollutvalet om ei kort orientering frå kommunedirektøren. Verksemdleiar teknologi og innovasjon Helge Veum gav utvalet ein kort statusrapport, og kontrollutvalet vart kjent med at der ikkje er funne slike avvik knytt til bekymringsmeldingar, i Ålesund kommune. Ålesund kommune har nytta dette fagsystemet sidan hausten 2022.

Bente Bruun
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Rådgjevar SKS IKS

Sakliste

PS 21/23	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 22/23	Kontrollutvalet sin uttale - årsrekneskap og årsmelding 2022 - Ålesund kommunale eigedom KF
PS 23/23	Kontrollutvalet sin uttale - årsrekneskap og årsmelding 2022 - Ålesund kommune
PS 24/23	Orienteringar
OS 02/23	Orientering om arbeid med elevarkiv - Ålesund kommune
OS 03/23	Orientering om implementering av Helseplattformen - Ålesund kommune
PS 25/23	Meldingar
MS 15/23	Informasjon frå ÅRIM AS
MS 16/23	Melding om Statsforvaltaren sine tilsyn våren 2023 - spesialundervisning
MS 17/23	Årsmelding 2022 - Forum for kontroll og tilsyn FKT

PS 21/23 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Ålesund kontrollutval 07.06.2023

Behandling

Votering: Samrøystes

ÅKU - 21/23 vedtak

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 22/23 Kontrollutvalet sin uttale - årsrekneskap og årsmelding 2022 - Ålesund kommunale eigedom KF

Sekretariatet si tilråding:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram og på bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova §14-3, vil kontrollutvalet gje følgjande uttale:

Ålesund kontrollutval tilrår kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2022 for Ålesund kommunale eigedom KF.

Ålesund kontrollutval 07.06.2023

Behandling

Revisor Linn Pettersen orienterte frå revisjonsarbeidet og dagleg leiar i ÅKE, Bjørnar Helland og rådgivar ÅKE Gunnar Skuseth gav sine orienteringar.

Votering: Samrøystes

ÅKU - 22/23 vedtak

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram og på bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova §14-3, vil kontrollutvalet gje følgjande uttale:

Ålesund kontrollutval tilrår kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2022 for Ålesund kommunale eidegom KF.

PS 23/23 Kontrollutvalet sin uttale - årsrekneskap og årsmelding 2022 - Ålesund kommune

Sekretariatet si tilråding:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram og på bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova §14-3, gjev kontrollutvalt følgjande uttale:

Kontrollutvalet tilrår kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2022 for Ålesund kommune.

Ålesund kontrollutval 07.06.2023

Behandling

Revisor Linn Pettersen orienterte frå revisjonsarbeidet og økonomisjef Lars Fylling gav ei god orientering om årsrekneskap og årsmelding 2022 samt litt om økonomiarbeidet framover.

Votering: Samrøystes

ÅKU - 23/23 vedtak

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram og på bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova §14-3, gjev kontrollutvalt følgjande uttale:

Kontrollutvalet tilrår kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2022 for Ålesund kommune.

PS 24/23 Orienteringar

OS 02/23 Orientering om arbeid med elevarkiv - Ålesund kommune

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Ålesund kontrollutval 07.06.2023

Behandling

Verksemdleiar Helge Veum og avdelingsleiar dokumentasjonsforvaltning Liv Grete Orvik orienterte utvalet om status.

Votering: Samrøystes

ÅKU - 02/23 vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

OS 03/23 Orientering om implementering av Helseplattformen - Ålesund kommune

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Ålesund kontrollutval 07.06.2023

Behandling

Kommunalsjef Synnøve Vasstrand Synnes gav ei god orientering om implementeringa og informerte om at den må seiast å vere vellykka så langt.

Votering: Samrøystes

ÅKU - 03/23 vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

PS 25/23 Meldingar

MS 15/23 Informasjon frå ÅRIM AS

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek informasjonen til vitande.

Ålesund kontrollutval 07.06.2023

Behandling

Votering: Samrøystes

ÅKU - 15/23 vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til vitande.

MS 16/23 Melding om Statsforvaltaren sine tilsyn våren 2023 - spesialundervisning

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Ålesund kontrollutval 07.06.2023

Behandling

Votering: Samrøystes

ÅKU - 16/23 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 17/23 Årsmelding 2022 - Forum for kontroll og tilsyn FKT

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Ålesund kontrollutval 07.06.2023

Behandling

Kontrollutvalet sin leiar orienterte kort frå årsmøtet og fagkonferansen 2023 for Forum for kontroll og tilsyn, som var i Trondheim førre veke.

Votering: Samrøystes

ÅKU - 17/23 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 27/23	Ålesund kontrollutval	06.09.2023

Orienteringar

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

Underliggende saker

04/23 Orientering om oppfølging etter mislege handlingar, til læring og forbedring

Saksframlegg

Saksnr. Utval
OS 04/23 Ålesund kontrollutval

Møtedato
06.09.2023

Orientering om oppfølging etter mislege handlingar, til læring og forbetring

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek informasjonen som er kome fram til vitande.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet har tidlegare fått skriftleg og munnleg informasjon frå revisor om mislege handlingar i kommunen, som revisor har fått kjennskap til via media.

Det eine forholdet omhandla tjuveri av medikament. Kommunedirektøren ved kommunalsjef Synnes orienterte kontrollutvalet om iverksette tiltak og at ho ville kome attende til revisor når dei hadde fått ferdigstilt nye rutiner og retningslinjer.

Eit anna forhold var ei sak som formannskapet skal vere godt orientert om for eit års tid sidan, utan at verken revisor eller kontrollutval vart gjort kjent med saka. Revisor har i ettertid kartlagt saksforholdet nærare, på bakgrunn av informasjon frå administrasjonen. Kontrollutvalet bør få ei orientering om der er læringspunkt knytt til denne hendinga som har ført til forbetring og som kan førebygge at det er mindre sannsynleg at det skjer tilsvarande seinare.

Det tredje forholdet handlar om ein tilsett som stal pengar frå ein brukar. Dette vart nyleg kjent for revisor gjennom media.

Revisor har plikt til å informere kontrollutvalet i samsvar med kommunelova § 24-7, så snart revisor har fått informasjon. I følgje departementet sin rettleiar (kontrollutvalsboka) skal revisor medverke til å førebyggje og avdekke mislege handlingar (tilsikta feil, ureieleg rekneskapsførsel, underslag og andre former for økonomisk kriminalitet). Dette gjeld og mislege handlingar som ikkje kan føre til vesentlege feil i rekneskapen.

Departementet seier vidare at når det er konstatert mislege handlingar, bør kontrollutvalet sørge for å få klarlagt forholda så godt som mogeleg og følgje opp administrasjonen si handtering av dei innrapporterte mislege handlingane. Kontrollutvalet er ansvarleg for

kontroll med heile den kommunale verksemda. Ikkje avgrensa til administrasjonen, men omfattar også formannskap, andre politiske utval og ordførar.

Vurdering:

Desse forholda som er nevnt her, er avdekka og allereie handtert av kommunedirektøren. Derfor er det nok lite formålstenleg at kontrollutvalet går nærare inn i det enkelte forhold, men heller har fokus på læring og forbetring.

Kontrollutvalet har fått ei orientering frå kommunedirektøren på handteringa av to av desse forholda, men om der har vore nok oppfølging og endring av rutiner står fortsatt litt ope for utvalet.

Derfor ber vi om ei orientering frå kommunedirektøren i kontrollutvalsmøtet, om kva tiltak som er på plass for om mulig hindre og avdekke slike mislege handlingar i framtida.

Så bør utvalet undersøkje med både revisor og kommunedirektør om det no er rutiner på plass, slik at revisor tidleg nok vert informert når grunngjeven mistanke oppstår eller når mislege handlingar vert avdekka.

Revisor skal på, vegne av kontrollutvalet, vere kjent med korleis kommunedirektøren følgjer opp mislege handlingar. Mellom anna for å sjå til at tilsette ikkje vert handtert ulikt ut frå kor dei er i organisasjonen. Og etterspørje om det vert sett i verk førebyggjande tiltak i etterkant.

Om kontrollutvalet, etter å ha fått orientering frå kommunedirektør og revisor og har stilt oppfølgjande spørsmål, er av den oppfatning at informasjonen er tilstrekkeleg tryggande, er sekretariatet si vurdering at utvalet ikkje treng å gå vidare med dette no.

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 28/23 Ålesund kontrollutval

Møtedato
06.09.2023

Rapport frå forvaltningsrevisjon 2023 innan psykisk helsearbeid for barn og unge i Ålesund kommune

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet ber om at rapporten frå forvaltningsrevisjon psykisk helsearbeid barn og unge Ålesund kommune vert handsama som eiga sak i kommunestyret, utan ugrunna opphald.

Kontrollutvalet rår kommunestyret å gjere slikt vedtak:

1. Kommunestyret sluttar seg til dei tilrådingar som revisor gjev, i rapport frå forvaltningsrevisjon innan psykisk helsearbeid for barn og unge.
2. Kommunestyret bed kommunedirektøren merke seg konklusjonane og tilrådingane i rapporten, og sette i verk dei tiltak som er mogeleg innan den budsjettramma som kommunestyret gjev.
3. Kommunestyret bed kommunedirektøren om å rapportere skrifteleg til kontrollutvalet på oppfølging av rapporten innan utgangen av februar 2024.

Bakgrunn:

Forvaltningsrevisjon er eit av dei verktøya som kommunestyret ved kontrollutvalet skal nytte, for å sikre at kommunen på best mogeleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar.

Å sørge for at forvaltningsrevisjonar vert gjennomførte er ei av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet. Gjennom ein forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet undersøkje om kommunen etterlever regelverk, når fastsette mål, og om ressursane blir forvalta på ein effektiv måte.

Ålesund kontrollutval vedtok i sitt møte 23.november 2023 å bestille ein prosjektplan, denne vart lagt fram for kontrollutvalet 25. januar 2023 og vedtatt. Kontrollutvalet gav sine innspel til revisor, som skulle ta desse med inn i sitt arbeid med forvaltningsrevisjonen.

Kontrollutvalet valgte denne gongen å avvike frå vedtatt plan for forvaltningsrevisjon. Dette med bakgrunn i at omfanget av psykiske helseplager blant barn og unge i Ålesund, som elles i samfunnet, har auka. Det er og ei auke i høve rusproblematikk hjå stadig yngre. Med dette som bakteppe vurderte kontrollutvalet at dette er eit svært aktuelt området å sjå nærare på no. Kommunestyret har gjeve kontrollutvalet mynde til å endre på vedteken plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023 om utvalet vurderer det som rett.

Hovudformålet med denne forvaltningsrevisjonen var å vurdere om Ålesund kommune har etablert eit tilbod til barn og unge med psykiske vanskar, som er i samsvar med regelverk, statlege føringar og kommunale målsettingar og vedtak. Vidare så vil alltid ei slik kontrollhandling ha som mål å bidra til læring og forbetring av tenestene som kommunen leverer.

Problemstillingane som revisor utarbeida og som kontrollutvalet godkjente når prosjektsplanen vart vedteken er:

1. Korleis er tilbodet innanfor psykisk helsearbeid for barn og unge i Ålesund kommune organisert?
2. I kva grad har Ålesund kommune system og rutinar for å fange opp barn og unge med psykiske vanskar som kan ha behov for oppfølging?
3. I kva grad har Ålesund kommune lagt til rette for eit heilskapleg, koordinert og individuelt tilpassa tilbod for barn og unge med psykiske vanskar?
4. Sikrar Ålesund kommune brukar- og pårørande-medverknad i samband med psykisk helsearbeid for barn og unge?

Frå Møre og Romsdal Revisjon SA har oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Kurt Løvoll, forvaltningsrevisor Ingrid Walstad Larsen og forvaltningsrevisor Lillian Reder Kristoffersen utført revisjonen.

Vurdering:

Møre og Romsdal Revisjon SA har levert ein rapport som set lys på dei områda kontrollutvalet har bestilt revisjon på, innan psykisk helsearbeid for barn og unge i Ålesund. Rapporten startar med eit samandrag som viser til konklusjonane revisor gjer og kva råd som revisor gir, med bakgrunn i knytt til funna.

Sekretariatet vurderer det som naturleg at kontrollutvalet byggjer sin uttale på revisor sine råd, når utvalet skal gje si tilråding til kommunestyret.

I rapporten kjem det greitt fram kva metode som er nytta og korleis revisor har gjennomført forvaltningsrevisjonen. Det er mange ulike instansar som er involvert i psykisk helsearbeid for barn og unge. Det var nødvending med avgrensingar, for å vere innanfor ramma til bestillinga. Revisor peikar på kva avgrensingar som er gjort.

Kontrollutvalet bør merke seg at revisor har hatt nokre utfordringar på å få ut nødvending kontaktinformasjon knytt til gjennomføring av spørjeundersøkinga retta mot lærarane. Når kontrollutvalet ber revisor utføre ei slik undersøking, så er det ei forventning om at revisor får ut nok informasjon utan mange purringar. Målet med ein forvaltningsrevisjon er å medverke til læring og forbetring knytt til tenesteproduksjonen til kommunen. Derfor er det

viktig at alle ledd i administrasjonen prioriterer å bidra best mogeleg, til dei undersøkingar som kontrollutvalet gjennomfører.

Kommunedirektøren har fått rapporten både til faktasjekk og til høyring. Uttalen frå kommunedirektøren ved seksjonssjef barn, familie og førebygging, ligg ved rapporten.

Så langt sekretariatet kan sjå, så er alle problemstillingane svart ut frå dei forutsetningar som låg til grunn.

Revisor peikar på fleire lærings- og forbedringspunkt og gjev sine konklusjonar knytt til problemstillingane. Desse er samla i ei oversikt i kapittel 6, frå side 47 i rapporten, og trengs ikkje å bli gjentatt her.

Sekretariatet vil rådgi kontrollutvalet til å støtte opp om revisor sine konklusjonar og råd, og gjere sitt vedtak i tråd med bakgrunn i dei.

Nokre av dei punkta som rapporten løfter fram, handlar om prioritering og bruk av tilgjengelege ressursar.

Det er utanfor kontrollutvalet sitt mandat å gjere prioriteringar knytt til tildeling av ressursar. Utvalet sitt mandat er å gje informasjon til kommunestyret dersom ei slik kontrollhandling som ein forvaltningsrevisjon er, avdekkar konsekvensar av forvaltninga som kommunestyret bør kjenne til. Så er det opp til kommunestyret å gjere dei rette prioriteringane når dei gjev si budsjettramme.

Det var i prosjektplanen lagt fram ein tidsplan som tilsa ferdig rapport i byrjinga av august. Kontrollutvalet sitt møte vart utsett to veker og då fekk revisor tilsvarande utsetting.

Slutført rapport er mottatt og journalført hjå sekretariatet 23.august 2023, som er i tråd med prosjektplanen.

Det er i innleiinga i rapporten vist til kva avgrensingar som er gjort, ut frå den ramma som kontrollutvalet gav revisor for denne revisjonen. Prosjektplanen skisserte ei ramme på 425 timar. Ut frå informasjon frå Møre og Romsdal Revisjon SA er prosjektet gjennomført i tråd med denne ramma.

Vedlegg

Rapport forvaltningsrevisjon 2023 psykisk helsearbeid for barn og unge - Ålesund kommune

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 29/23 Ålesund kontrollutval

Møtedato
06.09.2023

Revisjons- og kommunikasjonsplan 2023 - Ålesund kommune

Sekretariatet si tilråding:

Ålesund kontrollutval tek framlagte revisjons- og kommunikasjonsplan 2023 til vitande.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte. Utvalet er difor avhengig av at revisor i tilstrekkeleg grad rapporterer til utvalet om revisjonsarbeidet. At kontrollutvalet og revisor har ein god dialog og ei felles forståing av oppgåvene, er viktige føresetnader for å skape tryggleik for at revisjonsarbeidet blir forsvarleg utført.

Kontrollutvalet fyller sitt ansvar med å sjå til at revisjonen blir utført på ein forsvarleg måte, ved å gjennomføre aktivitetar knytt til oppfølging av revisjon og revisjonsarbeidet.

Dette kan omfatte:

- revisor si erklæring om sjølvstende
- kvalitetskontroll hjå revisor
- avtaler mellom kontrollutval og revisor
- engasjementsbrev for revisjonsoppdraget
- strategi og plan for revisjonsarbeidet med risikovurderingar
- revisjonsrapportar (interim og etterlevingskontroll)
- nummererte brev

Departementet seier i Kontrollutvalsboka (s. 71) at godt samspel mellom revisor, kontrollutval og administrasjon er sentralt for å leggje til rette for ein effektiv og tillitsvekkjande revisjon. Det må vere ein løpande dialog mellom revisjonen og kontrollutvalet, og med administrasjonen.

Vurdering:

Det er eit krav at revisor skal utarbeide ein plan for korleis revisjonen skal gjennomførast. Denne planen byggjer på ein overordna revisjonsstrategi som skildrar føremål og omfang på revisjonen, når revisjonen skal utførast og kva angrepsvinkel denne skal ha. Oppfølging av dei utfordringar ein såg ved årsrevisjonen sist, er tatt høgde for i denne planen. Revisor har i

år tatt med oppfølging av den nummererte kommunikasjonen som revisor har hatt med kontrollutvalet. Det er svært nyttig for kontrollutvalet å kjenne til.

Revisjonsplanen og -strategien bygger på ei risiko- og vesentlegvurdering. Det er mange forhold som inngår i denne vurderinga, mellom anna endringar i oppgåver, tenester og organisering i kommunen, samt om eit område har blitt revidert tidlegare år.

Revisor gjennomfører eit oppstartsmøte for revisjonsarbeidet for rekneskapsåret 2023 i lag med administrasjonen. Revisor vil i kontrollutvalet sitt møte gje ei orientering som omfattar informasjon om revisjonsstrategi, plan for revisjonsarbeidet og dei risikovurderingane denne bygger på.

Revisjonsplanen vil vere eit naturleg grunnlag for kontrollutvalet si oppfølging vidare inn i ny periode og den vil bli lagt fram for nytt kontrollutval til informasjon, på eit av dei første møta.

Vedlegg

Revisjons- og kommunikasjonsplan 2023 - Ålesund kommune



REVISJONSPLAN 2023

ÅLESUND KOMMUNE

Revisjon 2023

SEPTEMBER 2023

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Møre og Romsdal Revisjon SA er et samvirkeforetak eid av kommunene Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven og Ålesund samt Møre og Romsdal fylkeskommune. Selskapet utfører regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og andre revisjonstjenester for eierne. Hovedkontoret ligger i Kristiansund og det er avdelingskontorer i Ålesund, Molde og Surnadal.

Ytterligere informasjon kan hentes på vår hjemmeside:

www.mrrevisjon.no

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

INNHold

1.	INNLEDNING.....	4
1.1.	REVISJONSPLAN – TIDS OG KOMMUNIKASJONSPLAN.....	4
1.2.	REVISJONSTEAM 2023.....	6
1.3.	IDENTIFISERTE RISIKOER OG FORBEDRINGSFORSLAG 2022 – ÅLESUND KOMMUNE	6
1.4.	SKRIFTELIGE PÅPEKNINGER FRA REVISOR – KOML. §24-7	7
1.5.	FORELØPIG ANSLÅTT RISIKO – (FØR KONTROLLTESTING)	8
1.6.	FASTSETTELSE AV VESENTLIGHETSGRENSE	10
2.	REVISJONSTILNÆRMING - REVISJON 2023	11
2.1.	REGNSKAPSRAPPORTERING	11
2.2.	SALG.....	12
2.3.	INNKJØP.....	13
2.4.	INVESTERINGER	14
2.5.	LØNNKOSTNADER.....	15
2.6.	OVERFØRINGER	16
2.7.	FINANSOMRÅDET	17

1. INNLEDNING

Formålet med regnskapsrevisjon i kommuner er å gjøre revisor i stand til å avgi en uttalelse om hvorvidt kommunens årsregnskap i det alt vesentlige er avlagt i samsvar med lov forskrift og god kommunal regnskapsskikk.

Vår revisjon av årsregnskapet skal bidra til økt tillit til den økonomiske informasjon som gis fra administrasjonen til kommunestyret og øvrige brukere av årsregnskapet. Revisjonen skal også medvirke til å forebygge og avdekke misligheter og feil.

Regnskapsrevisjon i kommunal sektor er nærmere regulert i kommunelovens kapittel 24.

Revisor skal utføre regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eierskapskontroll og annen kontroll som er bestemt i lov eller i medhold av lov – herunder forenklet etterlevelseskontroll.

Revisor skal planlegge, gjennomføre, dokumentere og rapportere sitt arbeid i samsvar med lov og forskrift og god kommunal revisjonsskikk.

Videre skal revisor rapportere om sitt arbeid og resultatene av sin revisjon til kontrollutvalget.

I samsvar med kommuneloven og gjeldende revisjonsstandarter vil revisor avgi revisjonsberetning til årsregnskapet til kommunestyret med kopi til kontrollutvalget.

1.1. REVISJONSPLAN – TIDS OG KOMMUNIKASJONSPLAN

Regnskapsrevisjon kan inndeles i tre faser:

- Planleggingsfasen
- Gjennomføringsfasen
- Avslutningsfasen

Planleggingsfasen:

Foreløpig risikovurdering og identifisering av fokusområde

Fastsette vesentlighetsgrense

Gjennomgang av – og legge opp tidsplan for revisjon og rapportering

Fastsette revisjonsplan for fokusområdene

Etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen:

Risiko- og vesentlighetsvurdering legges fram for kontrollutvalget

Gjennomføringsfasen:

Interimsrevisjon – Foreløpig analyse av kommunens regnskap

Møte med kommunens økonomi og regnskapsavdeling for å kartlegge samt løse identifiserte problemstillinger

Revisjon av nøkkelprosesser inkludert møter og intervju av nøkkelpersoner for identifiserte fokusområder

Påse at økonomisk internkontroll er ordnet på en betryggende måte

Test av relevante kontroller (herunder generelle IT-kontroller)

Gjennomføre øvrige relevante revisjonshandlinger (fokus på transaksjonsklasser)

Årsoppgjørrevisjon

Ferdigstille eventuelle åpne spørsmål identifisert under interimsrevisjonen

Påse at det ikke foreligger endringer i kommunens intern kontroll, der hvor disse er relevante for revisjonen

Gjennomføre øvrige relevante revisjonshandlinger, herunder avstemming av vesentlige og risikoutsatte balanseposter – vurdere om registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger er i samsvar med lov og forskrift

Avsluttende analyse av kommunens finansielle rapportering

Revisjon av årsregnskapet

Påse at årsregnskap og noter er avlagt i samsvar med lov og forskrift

Gjennomgang av årsmelding – inneholder den opplysninger som lov og forskrift krever og er opplysningene om økonomi i årsberetningen i tråd med årsregnskapet

Avslutningsfasen:

Konklusjon på resultat av utført arbeid

Rapportering til ledelsen og gjennomgang med sekretariatet

Rapportering til kontrollutvalg

Kommunikasjon

PBC-lister (årsoppgjør) / oversikt avtaler (interim)

Revisjonsberetning og revisjonsrapporter

Møter med kontrollutvalg

Løpende uformell kommunikasjon ved behov

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

	mar 23	apr 23	mai 23	jun 23	jul 23	aug 23	sep 23	okt 23	nov 23	des 23	jan 24	feb 24	mar 24	apr 24
Planlegging														
Interimsrevisjon														
Årsoppgjørrevisjon														
Årsregnskap/konsolidert														
Kommunikasjon														
Møte med kontrollutvalget							6		22					

Andre uttalelser og rapporter

I tillegg til regnskapsrevisjon foretar vi en rekke andre uttalelser og rapporter. Dette kan blant annet være bekreftelser knyttet til bruken av statlige øremerkede midler. Som eksempler kan nevnes

- Kompensasjonskrav etter lov om kompensasjon av merverdiavgift
- Uttalelse til spillemiddelregnskaper
- Uttalelse knyttet til kommunens rapportering på antall personer med psykisk utviklingshemming
- Uttalelse om ressurskrevende tjenester
- Lønns og pensjonskostnader
- Øvrige øremerkede tilskudd

1.2. REVISJONSTEAM 2023

Linn Gunhild Pettersen	Oppdragsansvarlig og statsautorisert revisor
Ronny Rishaug	Team manager og statsautorisert revisor
Kathrin Haram	Regnskapsrevisor og statsautorisert revisor
Ann-Kristin Melseth	Regnskapsrevisor
Randi Kalvatsvik	Regnskapsrevisor
Martin Gjendem Mortensen	Regnskapsrevisor

1.3. IDENTIFISERTE RISIKOER OG FORBEDRINGSFORSLAG 2022 – ÅLESUND KOMMUNE

Regnskapsrapportering

- Videreført anbefaling om å tilstrebe ytterligere kvalitetssikring av avsluttende regnskap og regnskapsskjema inkludert det konsoliderte. I tillegg dokumentasjon og avstemming av vesentlige poster i regnskapet
- Rutine som sikrer at alle foretak som skal konsolideres avlegges i god tid innen fristen

Salgs-/overføringsområdet:

- Periodiseringskontroll
- Etablering av kontroll mellom ulike forsystem til Visma – dokumentasjon av kontrollen
- Avstemming av vesentlige salgsinntekter og brukerbetalinger
- Vesentlige tilskudd hvor det ikke er krav til attestasjon – ønskelig at dette dokumenteres med tilsagn

Innkjøps-/kostnadsområdet:

- Periodiseringskontroll
- Kontroll og dokumentasjon/ vurdering av faktura i fakturaflyten

Driftsmiddelområdet:

- Anleggsregister – rutine som sikrer at anleggsregisteret er fullstendig og avstemt mot regnskapet
- Videreføring av fokus på skille drift/ investering – generell risiko

Finansområdet:

- Påse at avsetning til investeringsfond er i tråd med budsjett

Lønnsområdet:

- Ledere bør kontrollere lønningslister

1.4. SKRIFTELIGE PÅPEKNINGER FRA REVISOR – KOML. §24-7

Revisorbrev nr. 1 – 28.april 2021

Årsregnskap 2020 – Andre forhold -erstattet revisjonsberetning avgitt etter fristen:

- Ikke betalt minimumsavdrag pr 31.12
- For sent avlagt regnskap
- Forenklet etterlevelseskontroll av vesentlige budsjettavvik – manglende sammenheng mellom budsjettstyringsverktøy og regnskapsoppstilling

Revisorbrev nr. 2 – 10.juni 2021

Forenklet etterlevelseskontroll - Konklusjon med forbehold

- Manglende mottak av beregninger på et sykehjem

Revisorbrev nr 3 – 30.mai 2022

Årsregnskap 2021 - Konklusjon med forbehold

- Omklassifisering av langsiktig gjeld utan vedtak eller avtale med finansinstitusjon

Revisorbrev nr 4 - 30.juni 2023

Forenklet etterlevelseskontroll - Konklusjon med forbehold

- Ved enkelte av de kontrollerte avtaler var tilleggsavtalene mangelfulle

Revisorbrev nr 5 – 22.september 2022

Rapportering av misligheter til kontrollutvalget

- Medisintyveri

Revisorbrev nr 6 – 17.april 2023

Årsregnskap 2022 – Andre forhold - erstattet revisjonsberetning avgitt etter fristen

- Konsolidert regnskap ikke avlagt innen fristen

Status:

Revisorbrev blir fulgt opp løpende for å påse etterlevelse av regelverk og retningslinjer.

Pr august 2023 har revisjonen etterlyst oppfølging knyttet til mislighetssaken – revisorbrev nr 5.

1.5. FORELØPIG ANSLÅTT RISIKO – (FØR KONTROLLTESTING)

Revisor utfører risikoanalyser av kommunen for å kartlegge eventuelle områder hvor det kan foreligge risiko som medfører vesentlige feil i regnskapet.

Risikoanalyse:

- Hva kan gå galt
- Hvor sannsynlig er det at noe går galt og
- Hva er konsekvensen hvis det skulle gå galt

Gjennom risikoanalysen vurderes risiko på ulike områder, og resultatet av analysene avgjør omfanget av – og valget av aktuelle revisjonshandlinger.

Regnskapsrapportering – middels anslått risiko:

Kommunestyret har et ansvar for at økonomi og handlingsrom skal være forsvarlig over tid. Det er dermed fastsatt finansielle måltall som skal sikre at kommunen skal ha økonomisk handleevne over tid.

Kommunens langsiktige finansielle måltall for 2022:

- Netto driftsresultat skal over tid utgjøre minimum 1,75% av brutto driftsinntekter – i 2022 utgjorde dette 2,3%
- Netto korrigert gjeldsgrad justert for gjeld til selvkostinvesteringer skal ikke overstige 90% av brutto driftsinntekter, i 2022 utgjorde dette 70,5%
- Disposisjonsfondet skal minimum utgjøre 5% av brutto driftsinntekter, i 2022 utgjør dette 0,6%

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Kommunen er dermed på rett vei for å nå disse målene, men ligger noe under hva gjelder disposisjonsfondet. Disposisjonsfondet må ligge på om lag 300 MNOK får å nå dette målet.

Det vil alltid være risiko for feil i forbindelse med utarbeidelsen av regnskapet, flere manuelle posteringer og lite rutinemessig arbeid. Konsolidert regnskap øker også risikoen med egne retningslinjer og regelverk.

Salgsområdet – lav/middels anslått risiko:

Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner. Risiko ligger likevel i anslagsposterings/periodiseringer og høyt transaksjonsvolum.

Manglende kontroll mellom enkelte forsystem og Visma trekker risikoen noe opp.

Innkjøpsområdet – middels anslått risiko:

Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner. Tvungen attestasjon og anvisningsrutine for inngående faktura, men faktura behandles på mange ulike enheter med varierende forståelse av kontrollrutinen. Periodiseringsproblematikk og lov om offentlige anskaffelser trekker risikoen noe opp.

Investeringsområdet – middels anslått risiko:

Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner. Tvungen attestasjon og anvisningsrutine for inngående faktura. Komplisert regelverk, lov om offentlige anskaffelser og skjønnsmessige vurderinger knyttet til skille drift/ investering, samt vurdering av levetid på anleggsmidlene, øker risiko for vesentlige feil.

Lønnsområdet – middels/ lav anslått risiko:

Rutinemessig månedlige beløp for fast lønn. Noe mer komplekst (forsystem, manuelle grunnlag etc.) for variabel lønn. Høyt volum/størrelse og noe manglende ledelses kontrollerte lønningslister, trekker risikoen opp.

Overføringsområdet – lav/middels anslått risiko:

Overføringsinntekter består hovedsakelig av overføringer fra staten og kan total avstemmes mot ekstern dokumentasjon. Overføringsutgifter kontrolleres i stor grad mot vedtak og/eller budsjett, samt analytisk vurdering.

Noe estimatvurdering trekker risikoen noe opp.

Finansområdet – middels anslått risiko:

Finansområdet er et komplekst område sammensatt av mange transaksjonsklasser med ulik risikovurdering. Finansområdet består av likvide midler, lån og minimumsavdrag, fond/egenkapital, aksjer og finansielle plasseringer. Komplekst regelverk, vesentlige beløp, skjønnsmessige vurderinger samt ulike vurderingskriterier trekker risikoen noe opp.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Prossesser	Foreløpig anslått risiko for vesentlig feil informasjon
Regnskapsrapportering	 Middels
Salgsområdet	 Lav/middels
Innkjøpsområdet	 Middels
Investeringsområdet	 Middels
Lønnsområdet	 Middels/lav
Overføringsområdet	 Lav/middels
Finansområdet	 Middels

1.6. FASTSETTELSE AV VESENTLIGHETSGRENSE

Regnskapsrevisjon har som utgangspunkt å forhindre at regnskapet inneholder vesentlige feil. Revisjonen må dermed gjøre seg opp en mening om hva som er en vesentlig feil.

Vesentlighetsgrensen brukes et kriterium for revisjonsplanlegging, testing og rapportering.

Vesentlighetsgrensen fastsettes med utgangspunkt i ett eller flere referanseverdier i regnskapet som antas å ha betydning for brukerne av regnskapet. Profesjonelt skjønn blir også vurdert i denne forbindelsen.

Vesentlighetsgrensen for 2023 blir beregnet på grunnlag av avlagt regnskap 2022 og budsjett 2023.

2. REVISJONSTILNÆRMING - REVISJON 2023

2.1. REGNSKAPSRAPPORTERING

Regnskapsrapportering	Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger
Risiko knyttet til: • Økonomisk handlingsrom (gjeldsgrad) • Tertialrapportering og offisielt regnskap • Årsoppgjør disponeringer/avslutning og strykninger • Bruk av fond • Budsjettjustering og budsjettavvik • Generelle IT-kontroller	Middels anslått risiko (før kontrolltesting): Kommunestyret har et ansvar for at økonomi og handlingsrom skal være forsvarlig over tid! Alltid risiko for feil i forbindelse med regnskapsavleggelsen, flere manuelle posteringer og lite rutinemessig arbeid. <u>Test av kontroller (interim):</u> • Test av ledelseskontroller: Tertialrapportering til kommunestyret • Test av generelle IT-kontroller • Budsjettoppfølging <u>Substanshandlinger:</u> • Kontroll av årsoppgjør disponeringer • Regnskapsoversikter henger sammen • Nødvendige noteopplysninger er utarbeidet • Avstemming av kretsløp er foretatt (Egenkapital, arbeidskapital og anleggsmidler/langsiktig gjeld) • Budsjettkontroll • Kontroll av årsmeldingen – inkl. vurdering av budsjettavvik og premissavvik • Avsluttende analytiske kontroll

2.2. SALG

Salgsområdet	Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger
Risiko knyttet til: • Salgs- og leieinntekter (drift) • Kundefordringer (bal) • Andre kortsiktige fordringer (bal) • Ordinær merverdiavgift • Selvkost	Lav/middels anslått risiko: Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner. Risiko ligger likevel i anslagsposterings/periodiseringer og høyt transaksjonsvolum. Presumpsjon tilknyttet mislighetsrisiko tilbakevises <u>Substanshandlinger:</u> • Analytisk kontroll og detaljtester • Selvkost • Periodiseringskontroll • Aldersfordelt reskontro kundefordringer/andre kortsiktige fordringer (vurdere tapsavsetning, innbetalingskontroll, eksterne bekreftelser) • Totalavstemming av ordinær merverdiavgift

2.3. INNKJØP

Innkjøps/ kostnadsområdet	Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger
Risiko knyttet til: • Kjøp av varer og tjenester (drift) • Momskompensasjon • Leverandørgjeld (bal) • Annen kortsiktig gjeld (bal)	Middels anslått risiko (før kontrolltesting): Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner. Tvungen attestasjons- og anvisningsrutine for inngående faktura, men fakturaene behandles på mange ulike enheter med varierende forståelse av kontrollrutinen. <u>Test av kontroller (interim):</u> • Kontroll av attestasjon og anvisning <u>Substanshandlinger:</u> • Analytiske kontroller • Løpende bilagskontroll i forbindelse med attestasjon på kompensasjonsoppgavene. • Periodisering (herunder etterberegning av anslagsposteringer) • Avstemme leverandørgjeld mot reskonto, betalingskontroll av vesentlige gjeldsposter • Kontrollere dokumentasjon for avsetning av annen kortsiktig gjeld

2.4. INVESTERINGER

Driftsmidler/investeringer	Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger
Risiko knyttet til: • Investeringer i varige driftsmidler (inv) • Salg av varige driftsmidler (inv) • Avskrivninger/motpost avskrivninger (drift) • Bruk av lån/lovlig finansiering (inv) • Skille mellom drift og investering	Middels anslått risiko (før kontrolltesting): Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner. Tvungen attestasjons- og anvisningsrutine for inngående faktura. Komplisert regelverk og skjønnsmessige vurderinger knyttet til skille mellom drift og investering, samt vurdering av levetid på anleggsmidlene, øker risiko for vesentlige feil. <u>Test av kontroller (interim):</u> • Kontroll av attestasjon og anvisning • Kontroll av anskaffelser over 100 000kr <u>Substanshandlinger:</u> • Oppfølging av de største investeringsprosjektene • Avstemme anleggskartotek mot hovedbok • Vurdering av levetid/avskrivningstid • Vurdere vesentlige tilganger opp mot KRS 4 (skille drift/investering - interim) • Løpende bilagskontroll i forbindelse med attestasjon på kompensasjonsoppgavene (samt attestasjon prosjektrekning)

2.5. LØNNSKOSTNADER

Lønnsområdet	Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger
Risiko knyttet til: • Lønnskostnader • Sosiale kostnader • Pensjon	Middels/lav anslått risiko (før kontrolltesting): Rutinemessige månedlige beløp for fast lønn. Noe mer komplekst (forsystemer, manuelle grunnlag etc.) for variabel lønn. Høyt volum/størrelse <u>Test av kontroller (interim):</u> • Attestasjon og anvisning av timer • Attestasjon og anvisning av reiseregninger – herunder manuelle reiseregninger/utgifts refusjoner • Etter kontrollerte lønningslister <u>Substanshandlinger:</u> • Analytiske kontroller • Gjennomgang av kontrolloppstilling og øvrige innberetninger og avstemminger på lønnsområdet – herunder feriepengar, skattetrekk, arbeidsgiveravgift og sykepengerefusjoner • Gjennomgang av pensjonskostnad med tilhørende balanseposter • Krav på sykelønnsrefusjon - avstemming mellom HRM og regnskapssystem

2.6. OVERFØRINGER

Overføringsområdet	Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger
Risiko knyttet til: <u>Overføringsinntekter:</u> • Rammetilskudd (drift) • Inntekts- og formuesskatt (drift) • Eiendomsskatt (drift) • Andre skatteinntekter (drift) • Andre overføringer og tilskudd fra staten (drift) • Overføring og tilskudd fra andre (drift) • Tilskudd fra andre (inv) <u>Overføringsutgifter:</u> • Overføring og tilskudd til andre(drift) • Tilskudd til andres investeringer (inv)	Lav/middels anslått risiko: Overføringsinntekter består hovedsakelig av overføringer fra staten som kan total avstemmes mot ekstern dokumentasjon. Eiendomsskatt kontrolleres analytisk mot årets forventning, tidligere års regnskap og årets budsjett. Andre overføringer kontrolleres mot dokumentasjon fra tilskudds yter og/eller mot budsjett. Overføringsutgifter kontrolleres i stor grad mot vedtak og/eller budsjett, samt analytisk kontroll med sammenligning mot budsjett og tidligere år <u>Test av kontroller (interim):</u> • Kontroll om tilsagn ligger ved • Kontroll at vedtak ligger ved <u>Substanshandlinger:</u> • Totalavstemming av rammetilskudd og inntekts- og formuesskatt • Analytisk kontroll av eiendomsskatt • Detaljtesting av andre overføringsinntekter • Analyser/detaljtester av overføringsutgifter • Særattestasjoner på enkelte tilskudd

2.7. FINANSOMRÅDET

Finansområdet (res)	Finansområdet (bal)	Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger
Risiko transaksjonsklasser: - Renteinntekter og renteutgifter (drift) - Avdrag på lån (drift) - Utbytter (drift) - Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler (drift) - Investering i aksjer og andeler (inv) - Salg av finansielle anleggsmidler (inv) - Utlån av egne midler (inv) - Avdrag på lån (inv) - Utdeling fra selskaper (inv)	Risiko balanseposter: - Bankinnskudd og kontanter - Aksjer og andeler - Andre finansielle plasseringer - Fond - Kapitalkonto - Gjeld til kredittinstitusjoner - Annen gjeld (obligasjons- og sertifikatlån) - Utlån - Ubrukte lånemidler	Middels anslått risiko: Finansområdet er et komplekst område sammensatt av mange transaksjonsklasser med ulik risikovurdering. Test av kontroller (interim): - Bankavstemming - Dobbel godkjenning av betalingstransaksjoner - Finansrapportering Substanshandlinger: - Påse at balanse- og resultatposter stemmer med eksterne bekreftelser (bank, rente, aksjer, utbytte etc.) Vurdere verdsettelse, klassifisering og avkastning. - Kontrollere vesentlige tilganger/avganger av aksjer - Påse at gjeld og utlån er i henhold til eksterne bekreftelser - Etterberegning av minimumsavdrag - Påse at kretsløpavstemmingene henger sammen (herunder kapitalkonto) - Kontrollere vesentlige bevegelser på fondskonti - Etterlevelse av finansregl.

Møre og Romsdal Revisjon SA

Hovedkontor: Kristiansund

Avdelingskontor: Ålesund, Molde, Surnadal

Eiere:

Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll,
Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes,
Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven og Ålesund.

Møre og Romsdal fylkeskommune.

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 30/23 Ålesund kontrollutval

Møtedato
06.09.2023

Tilråding budsjettramme for kontrollarbeidet 2024 - nye Ålesund kommune

Sekretariatet si tilråding:

Ålesund kontrollutval tilrår ei samla budsjettramme 2024 for kontrollarbeidet i nye Ålesund kommune på kr 5 020 000.

Kontrollutvalet føreset at utvalet vert gjort kjent med budsjettramma for kontrollarbeidet når kommunestyret har vedteke årsbudsjett 2024 for Ålesund kommune.

Bakgrunn:

I medhald av § 2 i Forskrift om kontrollutval og revisjon skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Rettleiaren til forskrifta seier at i uttrykket kontrollarbeid inngår utgifter til kontrollutvalet, kontrollutvalsekretariatet og revisjon.

Kontrollutvalet si tilråding til budsjettramme for kontrollarbeidet skal følgje kommunedirektøren si innstilling om årsbudsjett frå formannskap til kommunestyre. Det skal kome klart fram for kommunestyret kva kontrollutvalet har foreslått (kommunelova § 14-3 tredje ledd).

Ålesund kommunestyre har i møte 16.02.2023 sak 026/23 vedtatt å nytte Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS (SKS IKS) som sekretariat for kontrollutvalet. Med heimel i Lov om interkommunale selskap (IKS-lova) og gjeldande selskapsavtale er det representantskapet for SKS IKS som vedtek eigarskapsandelen for kvar enkelt kommune.

I kommunestyremøtet 16.02.2023 sak 024/23 valgte Ålesund kommune eigenrevisjon som revisorordning og Møre og Romsdal Revisjon SA som sin revisor for kommunekassa og for dei kommunale føretaka (KF).

Revisjonstenestene som vert utført er rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre kontrollhandlingar som er bestemt i lov eller i medhald av lov og andre uttaler. Den omfattar revisjon av kommunerekneskapen, dei kommunale føretaka (KF) og konsolidert kommunerekneskap.

Møre og Romsdal Revisjon SA fakturerer utførte revisjonshandlinger ut frå medgått tid, og med faste timesatsar som vert vedtekne i samband med revisjonsselskapet sitt budsjett i årsmøte.

Omfanget av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll vert styrt ut frå bestillingar frå kontrollutvalet, med utgangspunkt i dei vedtekne planane for forvaltningsrevisjon og for eigarskapskontroll for perioden.

Regnskapsrevisjon omfattar oppgåver som går fram av den revisjonsplanen som revisor legg fram for kontrollutvalet.

Andre tenester er dei tenester som verken er regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll. Medrekna særattestasjonar som t.d. stadfesting av kommunen sitt grunnlag for krav om momskompensasjon.

I tillegg kjem forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga, fagleg rettleiing, undersøkingar som revisjonen eventuelt utfører, møter i kommunestyret og møter i kontrollutvalet.

Vurdering:

Revisjonstenester:

Sekretariatet har motteke eit grunnlag frå Møre og Romsdal Revisjon SA, på budsjett for dei tenestene som dei leverer. Dette byggjer på erfaringstal frå 2021, 2022 og delar av 2023, samt at dei tek utgangspunkt i vedtekne satsar for selskapet.

Når det gjeld rekneskapsrevisjon så vert tidsbruken frå revisor påverka av kor godt kvalitetssikra årsrekneskapen er frå kommunen og dei kommunale føretaka si side, når dei vert levert i februar.

Det skal gjennomførast forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll ut frå kommunestyret sine vedtekne planer. I 2024 skal ny plan for forvaltningsrevisjon og ny plan for eigarskapskontroll utarbeidast og vedtakast av nytt kommunestyre etter tilråding frå kontrollutvalet. Desse planane skal byggje på ei analyse av risiko og vesentlegheit (ROV). Denne ROV-analyse og planane må det arbeidast med i firsste del av 2024 og målet er å få sett i gang arbeid med ein forvaltningsrevisjon i løpet av hausten 2024.

Møre og Romsdal revisjon SA har med bakgrunn i det som her er omtalt oppgitt ei samla budsjettramme på kr 3 270 000 for Ålesund kommune.

Ut frå sekretariatet si vurdering bør kontrollutvalet nytte dette talet for det samla revisjonsarbeidet, i si tilråding til kommunestyret.

Sekretariatstenester:

Nye Ålesund kommune vert medeigar i Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS (SKS IKS) frå 1.1.2024. Selskapet leverer sekretariatstenester til kontrollutvalet i tråd med vedtak i kommunestyret 16.02.2023 sak 026/23.

Representantskapet til SKS IKS skal i møte i oktober 2023 fastsetje eigarandelen. I denne saka nyttar vi det som er dagleg leiar si tilråding til styret, som så gjev si tilråding til

representantskapet. Dersom representantskapet vedtek eigarskapsandelen annleis enn tilråding som er brukt her, vil sekretariatet då gjere kommunedirektøren særskilt merksam på dette. Det vedtaket må då bli lagt ved kontrollutvalet si tilråding til budsjettramme, som skal følgje den politiske handsaminga av årsbudsjettet.

Eigarandelen for Ålesund kommune 2024 er i dagleg leiar SKS IKS si tilråding til styret, sett til kr 1 397 000.

Kontrollutvalet sitt arbeid:

Møtegodtgjersle:

Møteplanen til kontrollutvalet vert lagt av utvalet sjølv. Talet møter som sekretariatet tilrår, byggjer på erfaringar frå tidlegare år. Om det ikkje kjem uventa hendingar som kontrollutvalet må handtere, så tilrår sekretariatet at utvalet budsjetterer med sju møter i 2024.

Satsane for møtegodtgjersle for kontrollutvalet er heimla i Ålesund kommune sitt reglement for folkevalde sine arbeidsvilkår med tilhøyrande forskrift. I denne saka om budsjettramme har vi tatt utgangspunkt i dei satsane som er i forslaget til reglement og forskrift, som no er på høyring og skal vedtakast av det nye kommunestyret etter konstituering.

For å få utbetalt møtegodtgjersle må kontrollutvalet sine medlemmer sjølve sende krav om det til kommunen, på lik linje med andre folkevalde organ.

For 2024 med sju møter vert møtegodtgjersla budsjettert til kr 277 000.

Kurs/kompetanse:

Erfaring tilseier at kvaliteten på kontrollarbeidet vert påverka av om kontrollutvalet får høve til å halde seg oppdatert kunnskapsmessig. Dette året er det oppstart av nytt kontrollutval i ny kommune. Det å delta i samlingar med andre kontrollutval lokalt og nasjonalt er særst nyttig med tanke på kompetansebygging og erfaringsutveksling.

I tillegg til ulike kurs og fagkonferansar kan kontrollutvalet få tilgang til faglege ressursar gjennom dei to kompetanseorganisasjonane for kontroll og tilsynsarbeid; NKRF-kontroll og revisjon og FKT - Forum for kontroll og tilsyn.

Abonnement på NKRF sitt fagblad Kontroll & revisjon og medlemskap i FKT er viktige kompetansestader for den som driv med kontrollarbeid. Gjennom desse organa får kontrollutvalet tilgang til artiklar og rettleiarar knytt til dei ulike områda av kontrollarbeidet. Ålesund kommune ved kontrollutvalet har sidan 2022 vore medlem i FKT og har hatt god nytte av det. Frå 2024 bør alle utvalsmedlemmane få tilsendt fagbladet frå NKRF. Utgifter til dette er tatt med her under kurs og kompetanse.

Med bakgrunn i dette vert budsjettet for kurs og kompetanse sett til kr 76 000.

Samla budsjett for kontrollutvalet sitt arbeid som då inneheld både møtegodtgjering og utgifter til kurs og kompetanse for kontrollutvalet vert sett til kr 360 000

Budsjettforslaget på kr 5 020 000 for kontrollarbeidet i Ålesund kommune for 2024 ser då slik ut:

Møtegodtgjersle	142 000	
fast godtgjersle leiar	100 000	
arbeidsgiveravgift	35 000	
Kurs og kompetanse	76 000	
Kontrollutvalet		353 000
Sekretariatet SKS IKS		1 397 000
Rekneskapsrevisjon	1 260 000	
Forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll, ROV-arbeid	2 010 000	
Møre og Romsdal revisjon SA		3 270 000
Total budsjetttramme for kontrollarbeidet		5 020 000

Kontrollutvalet si tilråding til budsjetttramme for kontrollarbeidet skal følgje uendra kommunedirektøren si budsjettsak til politisk handsaming i formannskap og kommunestyret. Jf kommunelova § 14-3 tredje ledd.

Det skal kome klart fram for kommunestyret kva kontrollutvalet har foreslått. Jf. *Forskrift om kontrollutval og revisjon, § 2 kontrollutvalgets rolle i fastsettelsen av budsjettet for kontrollarbeidet.*

Denne tilrådinga frå kontrollutvalet skal altså følgje saka om årsbudsjett 2024 på ein slik måte at kommunestyret lett finn den.

Med bakgrunn i departementet sin «Veileder i kontoplanen for KOSTRA» bør alle utgifter knytt til kontrollutval og revisjon førast med funksjon 110. Dette gjer det lett å finne igjen utgiftene for kontrollarbeidet i rekneskapsplanen, og kontrollutvalet kan få mulighet til kontroll med budsjetttramma si.

I Kostra-retteleiaren for 2023 står det:

«110 Kontroll og revisjon

1. Utgifter og inntekter knyttet til kommunens kontrollutvalg etter kommuneloven kapittel 23 og revisjon etter kommuneloven kapittel 24. Herunder møtegodtgjørelser og andre utgifter knyttet til møteavvikling i kontrollutvalget, utgifter knyttet til kontrollutvalgssekretariatet, og utgifter knyttet til regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.»

Kontrollutvalet føreset at utvalet vert gjort kjent med budsjetttramma for kontrollarbeidet når kommunestyret har vedteke årsbudsjett 2024 for Ålesund kommune, inkludert budsjett for dei kommunale føretaka (KF).

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 31/23 Ålesund kontrollutval

Møtedato
06.09.2023

Tilråding budsjettramme for kontrollarbeidet 2024 - nye Haram kommune

Sekretariatet si tilråding:

Ålesund kontrollutval tilrår ei samla budsjettramme for kontrollarbeidet i 2024 for nye Haram kommune på kr 1 212 000.

Kontrollutvalet føreset at utvalet vert gjort kjent med budsjettramma for kontrollarbeidet, når kommunestyret har vedteke årsbudsjett 2024 for Haram kommune.

Bakgrunn:

I medhald av § 2 i Forskrift om kontrollutval og revisjon skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Rettleiaren til forskrifta seier at i uttrykket kontrollarbeid inngår utgifter til kontrollutvalet, kontrollutvalsekretariatet og revisjon. I forskrift om gjennomføring av deling står det at noverande Ålesund kommune skal gjere det førebuande arbeidet til årsbudsjett 2024. Difor vert det kontrollutvalet i noverande Ålesund kommune som må gje si tilråding til budsjettramme for kontrollarbeidet i Haram kommune for 2024.

Kontrollutvalet si tilråding til budsjettramme for kontrollarbeidet skal følgje kommunedirektøren si innstilling om årsbudsjett frå formannskap til kommunestyre, og det skal kome klart fram for kommunestyret kva kontrollutvalet har foreslått (kommunelova § 14-3 tredje ledd).

Ålesund kommunestyre har i møte 16.02.2023 sak 025/23 vedtatt å nytte Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS (SKS IKS) som sekretariat for kontrollutvalet i Haram kommune. Med heimel i Lov om interkommunale selskap (IKS-lova) og gjeldande selskapsavtale er det representantskapet for SKS IKS som vedtek eigarskapsandelen for kvar enkelt kommune.

I kommunestyremøtet 16.02.2023 sak 023/23 valgte Ålesund kommune eigenrevisjon som revisorordning og Møre og Romsdal Revisjon SA som revisor for kommunekassa og for kommunale føretak (KF) i Haram kommune.

Revisjonstenestene som vert utført er rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre kontrollhandlingar som er bestemt i lov eller i medhald av lov og andre uttaler. Den omfattar revisjon av kommunerekneskapen, dei kommunale føretaka (KF) og konsolidert kommunerekneskap.

Møre og Romsdal Revisjon SA fakturerer utførte revisjonshandlingar ut frå medgått tid, og med faste timesatsar som vert vedtekne i samband med revisjonsselskapet sitt budsjett i årsmøte.

Omfanget av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll vert styrt ut frå bestillingar frå kontrollutvalet, med utgangspunkt i dei vedtekne planane for forvaltningsrevisjon og for eigarskapskontroll for perioden.

Regnskapsrevisjon omfattar oppgåver som går fram av den revisjonsplanen som revisor årleg legg fram for kontrollutvalet.

Andre tenester er dei tenester som verken er regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll. Medrekna særattestasjonar som t.d. stadfesting av kommunen sitt grunnlag for krav om momskompensasjon.

I tillegg kjem forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga, fagleg rettleiing, undersøkingar som revisjonen eventuelt utfører, møter i kommunestyret og møter i kontrollutvalet.

Vurdering:

Revisjonstenester:

Sekretariatet har motteke eit grunnlag frå Møre og Romsdal Revisjon SA, på budsjett for dei tenestene som dei leverer. Dette byggjer på erfaringstal frå 2021, 2022 og delar av 2023 i samanliknande kommunar, samt at dei tek utgangspunkt i vedtekne timesatsar for selskapet.

Når det gjeld rekneskapsrevisjon så vert tidsbruken frå revisor påverka av kor godt kvalitetssikra årsrekneskapen er frå kommunen og dei kommunale føretaka si side, når dei vert levert i februar. Haram kommune skal ikkje levere årsrekneskap 2023, men der er oppgåver som mellom anna førebuande revisjonshandlingar og ulike attestasjonar som finn stad i 2024.

Det skal gjennomførast forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll ut frå kommunestyret sine vedtekne planer. Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll skal utarbeidast og vedtakast av nytt kommunestyre, etter tilråding frå kontrollutvalet. Desse planane skal byggje på ei analyse av risiko og vesentlegheit (ROV). Denne ROV-analyse og planane må det arbeidast med i første halvår av 2024. Målet er også å få sette i gang arbeid med ein forvaltningsrevisjon i løpet av 2024.

Møre og Romsdal revisjon SA har med bakgrunn i det som her er omtalt oppgitt ei samla budsjetttramme på kr 680 000 for Haram kommune i 2024.

Ut frå sekretariatet si vurdering bør kontrollutvalet nytte dette talet for det samla revisjonsarbeidet, i si budsjett-tilråding til kommunestyret.

Sekretariatstenester:

Haram kommune vert medeigar i Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS (SKS IKS) frå 1.1.2024. Det er dette selskapet som skal levere sekretariatstenester til kontrollutvalet i tråd med vedtak i kommunestyret 16.02.2023 sak 026/23.

Representantskapet til SKS IKS skal i sitt møte oktober 2023 fastsetje eigarandelen. I denne saka her nyttar vi det som er dagleg leiar si tilråding til styret, som så skal gje si tilråding til representantskapet. Dersom representantskapet vedtek eigarskapsandelen annleis enn tilrådinga som er brukt her, vil sekretariatet gjere kommunedirektøren særskilt merksam på dette. Dette vedtaket må då bli lagt ved kontrollutvalet si tilrådinga til budsjettramme, som skal følgje den politiske handsaminga av årsbudsjettet.

Eigarskapsandelen for Haram kommune er i dagleg leiar SKS IKS si tilråding til styret sett til kr 401 000.

Kontrollutvalet sitt arbeid:

Møtegodtgjersle:

Møteplanen til kontrollutvalet vert lagt av utvalet sjølv. Talet møter som sekretariatet tilrår, byggjer på erfaringar frå andre kommuner. Om det ikkje kjem uventa hendingar som kontrollutvalet må handtere, så tilrår sekretariatet at utvalet budsjetterer med fem møter i 2024.

Satsane for møtegodtgjersle for kontrollutvalet vert heimla i Haram kommune sitt reglement for folkevalde sine arbeidsvilkår med tilhøyrande forskrift. I denne saka om budsjettramme har vi tatt utgangspunkt i dei satsane som er i forslaget til reglement og forskrift, som no er på høyring og skal vedtakast av det nye kommunestyret etter konstituering.

For å få utbetalt møtegodtgjersle må kontrollutvalet sine medlemmer sjølve sende krav om det til kommunen, på lik linje med andre folkevalde organ.

For 2024 med utgangspunkt i fem møter, vert møtegodtgjersla budsjettert til kr 61 000.

Kurs/kompetanse:

Erfaring tilseier at kvaliteten på kontrollarbeidet vert påverka av om kontrollutvalet får høve til å halde seg oppdatert kunnskapsmessig. For Haram sin del er det oppstart av nytt kontrollutval i ein ny kommune. Det å kunne delta i samlingar med andre kontrollutval lokalt og nasjonalt er sær s nyttig med tanke på kompetansebygging og erfaringsutveksling.

I tillegg til ulike kurs og fagkonferansar kan kontrollutvalet få tilgang til gode faglege ressursar gjennom dei to kompetanseorganisasjonane for kontroll og tilsynsarbeid; NKRF-kontroll og revisjon og FKT - Forum for kontroll og tilsyn.

Abonnement på NKRF sitt fagblad Kontroll & revisjon og medlemskap i FKT er viktige kompetansestader for den som driv med kontrollarbeid. Gjennom desse organa får kontrollutvalet tilgang til artiklar og rettleiarar knytt til dei ulike områda av kontrollarbeidet. Noverande kontrollutval tilrår at Haram kommune ved kontrollutvalet vert medlem i FKT og at alle utvalsmedlemmane får tilsendt fagbladet frå NKRF. Utgifter til dette vert difor tatt med i budsjettramma for 2024.

Med bakgrunn i dette vert budsjettet for kurs og kompetanse sett til kr 70 000.

Samla budsjett for kontrollutvalet sitt arbeid som då inneheld både møtegodtgjering og utgifter til kurs/kompetanse for kontrollutvalet vert sett til kr 131 000.

Budsjettforslaget på kr 1 212 000 for kontrollarbeidet i Haram kommune for 2024 ser då slik ut:

Møtegodtgjersle	53 500	
arbeidsgiveravg	7 500	
Kurs og kompetanse	70 000	
Kontrollutvalet		131 000
Sekretariatet SKS IKS		401 000
Rekneskapsrevisjon	350 000	
Forvaltningsrevisjon, eierskapskontroll, ROV-arbeid	330 000	
Møre og Romsdal revisjon SA		680 000
Total budsjettramme for kontrollarbeidet		1 212 000

Kontrollutvalet si tilråding til budsjettramme for kontrollarbeidet skal følgje uendra kommunedirektøren si budsjettsak, til behandling i formannskap og fram til kommunestyret. Jf kommunelova § 14-3 tredje ledd.

Det skal kome klart fram for kommunestyret kva kontrollutvalet har foreslått. Jf. *Forskrift om kontrollutval og revisjon, § 2 kontrollutvalgets rolle i fastsettelsen av budsjettet for kontrollarbeidet.*

Denne tilrådinga frå kontrollutvalet skal altså følgje saka om årsbudsjett 2024 på ein slik måte at kommunestyret lett finn den.

Med bakgrunn i departementet sin «Veileder i kontoplanen for KOSTRA» bør alle utgifter knytt til kontrollutval og revisjon førast med funksjon 110. Dette gjer det lett å finne igjen utgiftene for kontrollarbeidet i rekneskapen og kontrollutvalet kan få mulighet til kontroll med budsjettramma si.

I Kostra-retteleiren for 2023 står det slik:

«110 Kontroll og revisjon

1. Utgifter og inntekter knyttet til kommunens kontrollutvalg etter kommuneloven kapittel 23 og revisjon etter kommuneloven kapittel 24. Herunder møtegodtgjørelser og andre utgifter knyttet til møteavvikling i kontrollutvalget, utgifter knyttet til kontrollutvalgssekretariatet, og utgifter knyttet til regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.»

Kontrollutvalet føreset at utvalet vert gjort kjent med budsjettramma for kontrollarbeidet, når kommunestyret har vedteke årsbudsjett 2024 for Haram kommune, inkludert budsjett for kommunale føretak (KF).

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 32/23	Ålesund kontrollutval	06.09.2023

Oppfølging av kontrollutvalet sine saker - oversikt per 01.09.2023. Ålesund kontrollutval

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande og ber sekretariatet informere nytt kontrollutval om dei saker som treng vidare oppfølging.

Bakgrunn:

Vedlegget gjev ei oversikt over saker som kontrollutvalet har behandla og status for oppfølging av desse.

Vedlegg

Oversikt saker 2023 - Ålesund kontrollutval

OPPFØLGINGSLISTE 2022-2023

SAKER SOM MÅ GÅ OVER TIL NYTT UTVAL					
Dato	Sak nr.	Sak	Vedtak (eller kommentar til orienteringar og eventuelt)	Oppfølging	status
01.12.21	Munnleg i møtet	Etiske retningslinjer	Ta dei etiske retningslinjene opp på eit seinare møte	Få ein gjennomgang av etiske retningslinjer og kompasset (opplæring nytt utval?)	Del av opplæring nytt utval
26.01.22	MS 13/22	Informasjon om ny rettleiar for handtering av henvendingar til kontrollutvalet	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande. (Kontrollutvalet bed sekretariatet om å førebu ei sak med forslag til retningslinjer for handtering av henvendingar, til neste møte.)	Sette opp som sak 23.11.22	Del av opplæring nytt utval
2023					
Dato	Sak nr.	Sak	Vedtak (eller kommentar til orienteringar og eventuelt)	Oppfølging	status
19.10.22	PS 30/22	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte	Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt protokoll frå forrige møte slik den ligg føre		✓
	PS 31/22	Orienteringar	Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.		✓
	OS 05/22	Orientering etter Arkivverket sitt tilsyn	Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.	Oppfølging av MS-sak 01/22	✓
	OS 06/22	Orientering etter tilsyn med kommunal beredskap	Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.		✓
	OS 07/22	Orientering om kommunedirektøren si organisasjonsendring medio oktober 2022	Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.		✓
	PS 32/22	Nummerert brev 05 frå revisor om misleghald - Ålesund kommune	Kontrollutvalet tek informasjonen til vitande og ber om å få ei statusoppdatering frå revisor på neste møte.	Status på møtet 23.11.22	Følges opp, sjå OS 09/23
	PS 33/22	Revisjons- og kommunikasjonsplan 2022	Ålesund kontrollutval tek framlagte revisjons- og kommunikasjonsplan 2022 til vitande.		✓
	PS 34/22	Folkevalde sine arbeidsvilkår og frikjøpsordning - Ålesund kommune	Kontrollutvalet tilrår kommunestyret i sitt arbeid med framtidig politisk organisering for dei to nye kommunane, å sjå nærare på dei punkta som kontrollutvalet her har peika på.		✓
	PS 35/22	Meldingar			✓
	MS 16/22	Melding om tilsynsrapport kommunal beredskap Ålesund 2022	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.		✓
	MS 17/22	Melding om forskrift med merknader om gjennomføring av deling Ålesund kommune	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.		✓
	MS 18/22	Kommunestyret sitt vedtak knytt til eigarskapskontroll 2022 - Ålesund kommune	Kontrollutvalet tek vedtaket frå kommunestyret til etterretning og vil følgje opp i tråd med dette.	Sjå sak PS 09/23	✓
	MS 19/22	Melding om vedtak i Ålesund kommunestyre knytt til	Kontrollutvalet tek meldinga til etterretning og vil følgje opp i tråd med vedtaket.	Sjå sak PS 02/23	✓

OPPFØLGINGSLISTE 2022-2023

SAKER SOM MÅ GÅ OVER TIL NYTT UTVAL					
Dato	Sak nr.	Sak	Vedtak (eller kommentar til orienteringar og eventuelt)	Oppfølging	status
		forvaltningsrevisjon kvalitet i heimetenesa 2022			
	MS 20/22	Oversikt per 18.10.2022 - oppfølging av kontrollutvalet sine saker	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.		✓
23.11.22	PS 36/22	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte	Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt protokoll frå forrige møte slik den ligg føre		✓
	PS 37/22	Orienteringar			
	OS 08/22	Orientering frå Ålesund Brannvesen KF	Kontrollutvalet tek orienteringa frå konstituert brannsjef til vitande. Kontrollutvalet ynskjer å gjere kommunestyret merksam på at vedtak i kommunestyresak 226/21 og 227/21 ikkje er fulgt opp av føretaket.	Møteprotokollen oversendt til kommunestyret, dvs kommunestyret er informert	✓
	OS 09/22	Orientering om varslingssaker, rettssaker/tvistar og mislegsaker	Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunedirektøren til vitande	Sjå 32/23 Revisor følgje opp og rapportere til kontrollutvalet	Etterspør info
	PS 38/22	Oppfølging av forvaltningsrevisjon 2021 - sjølvkost innan teknisk sektor Ålesund kommune	Etter å ha fått orientering frå administrasjonen om status i vedtaksoppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport 2021 - sjølvkost innan teknisk sektor, reknar kontrollutvalet forvaltningsrevisjonen som avslutta.		✓
	PS 39/22	Revisor sin plan for forenkla etterlevingskontroll 2022	Ålesund kontrollutval tek revisor sin framlagte plan for etterlevingskontroll 2022 til vitande.		✓
	PS 40/22	Forvaltningsrevisjon 2023 - Ålesund kommune	Ålesund kontrollutval bestiller ei skisse til prosjektplan for forvaltningsrevisjon 2023 innan barn og unge si psykiske helse. Prosjektplanen må innehalde forslag til problemstilling i tråd med kontrollutvalet sine innspel, samt overslag på forventa bruk av ressursar og ha med ein framdriftsplan. Kontrollutvalet bed om at skissa til prosjektplan vert lagt fram på møtet i januar 2023.	Lagt fram januar 2023	✓
	PS 41/22	Val av sekretariat for kontrollutvalet frå 01.01.2024 Ålesund kommune	Med bakgrunn i forskrift om gjennomføring av deling av Ålesund kommune til Haram kommune og Ålesund kommune § 7, og kommunelova § 23-7 sjetten ledd, gjer Ålesund kommunestyre følgjande vedtak: Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS vert valt som sekretariat for Ålesund kontrollutval frå 01.01.2024.4 Ålesund kommune	Vedtatt i kommunestyret	✓
	PS 42/22	Val av sekretariat for kontrollutvalet frå 01.01.2024 Haram kommune	Med bakgrunn i forskrift om gjennomføring av deling av Ålesund kommune til Haram kommune og Ålesund kommune § 7, og kommunelova § 23-7 sjetten ledd gjer Ålesund kommunestyre følgjande vedtak: Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS vert valt som sekretariat for Haram kontrollutval frå 01.01.2024.	Vedtatt i kommunestyret	✓

OPPFØLGINGSLISTE 2022-2023

SAKER SOM MÅ GÅ OVER TIL NYTT UTVAL					
Dato	Sak nr.	Sak	Vedtak (eller kommentar til orienteringar og eventuelt)	Oppfølging	status
	PS 43/22	Val av revisjonsordning og val av revisor for Ålesund kommune frå 01.01.2024	Med bakgrunn i forskrift om gjennomføring av deling av Ålesund kommune til Haram kommune og Ålesund kommune § 7, og kommunelova § 24-1 første og andre ledd, gjer Ålesund kommunestyre følgjande vedtak: 1. Som revisjonsordning for Ålesund kommune frå 01.01.2024, vedtek kommunestyret at kommunen skal ha revisjon i eigenregi. 2. Kommunestyret ber om medlemskap for Ålesund kommune frå 01.01.2024, i det interkommunale samvirkeføretaket Møre og Romsdal revisjon SA. 3. Møre og Romsdal revisjon SA vert valt som revisor frå 01.01.2024, for Ålesund kommune og for dei kommunale føretaka (KF) som Ålesund kommune på det tidspunktet måtte ha.	Vedtatt i kommunestyret	✓
	PS 44/22	Val av revisjonsordning og val av revisor for Haram kommune frå 01.01.2024	Med bakgrunn i forskrift om gjennomføring av deling av Ålesund kommune til Haram kommune og Ålesund kommune § 7, og kommunelova § 24-1 første og andre ledd, gjer Ålesund kommunestyre følgjande vedtak: 1. Som revisjonsordning for Haram kommune frå 01.01.2024, vedtek kommunestyret at kommunen skal ha revisjon i eigenregi. 2. Kommunestyret ber om medlemskap for Haram kommune frå 01.01.2024, i det interkommunale samvirkeføretaket Møre og Romsdal Revisjon SA. 3. Møre og Romsdal Revisjon SA vert valt som revisor frå 01.01.2024 for Haram kommune og for dei kommunale føretaka som Haram kommune på det tidspunktet måtte ha.	Vedtatt i kommunestyret	✓
	PS 45/22	Møteplan 2023 Ålesund kontrollutval	Kontrollutvalet i Ålesund kommune vedtar at første møte i 2023 vert onsdag 25.januar. På dette møtet vil kontrollutvalet vedta møtedatoar for resten av året.		✓
	PS 46/22	Meldingar			
	MS 21/22	Informasjon om kontrollutvalskonferansar 2023	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.		✓
25.01.23	PS 01/23	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte	Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt protokoll frå forrige møte slik den ligg føre		✓
	PS 02/23	Oppfølging av forvaltningsrevisjon 2022 - kvalitet innan heimetenestene	Etter å ha fått ei orientering frå administrasjonen om status i vedtaksoppfølginga av forvaltningsrevisjonsrapport 2022 - kvalitet i heimetenesta, reknar kontrollutvalet forvaltningsrevisjonen som avslutta.		✓
	PS 03/23	Prosjektplan forvaltningsrevisjon 2023 psykisk helse barn og unge - Ålesund kommune	Kontrollutvalet godkjenner plan for forvaltningsrevisjon innan psykisk helsearbeid for barn og unge i Ålesund kommune, med den framdriftsplan og ressursbruk som er skissert. Utvalet ber sekretariatet kvalitetssikre at dei moment som kom fram i møtet vert tatt inn i planen. Kontrollutvalet bed om at forvaltningsrevisor held sekretariatet informert undervegs og at utvalet vert orientert om der kjem behov for vesentlege endringar i prosjektet.	Rapport i møtet 06.09.23	Oppfølging gjerast av nytt utval
	PS 04/23	Revisor sin rapport frå interimrevisjon 2022 - Ålesund kommune	Kontrollutvalet tek revisor sin rapport etter interimrevisjon 2022 til vitande.		✓

OPPFØLGINGSLISTE 2022-2023

SAKER SOM MÅ GÅ OVER TIL NYTT UTVAL					
Dato	Sak nr.	Sak	Vedtak (eller kommentar til orienteringar og eventuelt)	Oppfølging	status
	PS 05/23	Innspel til reglement for folkevalde organ Ålesund kommune 2024	Kontrollutvalet gjev sine innspel til reglement for folkevalde organ på punkt som vedkjem kontrollutvalet og kontrollarbeidet. Dette vert sendt til oppgåveutvalet som arbeider med ny politisk styringsmodell. Ålesund kontrollutval vil revidere sitt eige reglementet for kontrollutval slik at det i større grad byggjer på reglementet for folkevalde organ i Ålesund kommune.		✓
	PS 06/23	Møteplan 2023 Ålesund kontrollutval	Ålesund kontrollutval sin møteplan for 2023: 25. januar ,15. mars, 10. mai, 7. juni, 23. august, 22. november (første møte nye utval) Møta vert haldne i Lerstadvegen 545 3. etasje, om ikkje noko anna vert presisert i innkalling for aktuelt møte. Møtetidspunkt er kl. 16.00		✓
	PS 07/23	Meldingar			
	MS 01/23	Budsjettramme kontrollarbeidet 2023 - kommunestyret sitt vedtak	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.		✓
	MS 02/23	Informasjon om fagkonferanse i Trondheim	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.		✓
	MS 03/23	Protokoll frå møte i representantskapet i ÅRIM IKS 09.12.2022	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.		✓
	MS 04/23	Protokoll frå generalforsamling i Bingsa Gjenvinning AS 09.12.2022	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.		✓
		Orienteringer (om ferdigbehandla pasienter)	Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.		✓
15.03.23	PS 08/23	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte	Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt protokoll frå forrige møte slik den ligg føre		✓
	PS 09/23	Oppfølging etter rapport om eigarskapskontroll 2022	Kontrollutvalet har sett til at kommunestyret sitt vedtak knytt til rapport frå eigarskapskontroll 2022, er fulgt opp. Kontrollutvalet ser det ikkje som nødvendig med nye undersøkingar no, knytt til Ålesund kommune si utøving av eigarskap		✓
	PS 10/23	Eigenevaluering av kontrollutvalet sitt arbeid	Kontrollutvalet ber sekretariatet ta med vidare dei innspel til forbetring, som kjem fram i møtet. Kontrollutvalet ber om å få ei sak på eit seinare møte, for å drøfte korleis noverande utval best mogeleg kan overføre erfaring og kompetanse til nytt kontrollutval i neste valperiode.	Sak om erfaringsoverføring på siste møtet i perioden	I møte 06.09.23
	PS 11/23	Årsmelding 2022 Ålesund kontrollutval	Ålesund kontrollutval vedtek si årsmelding for 2022 og ber sekretariatet arbeide inn dei endringar som kom fram i møtet. Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret som rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2022.		✓
	PS 12/23	Revisor sin uttale om forenkla etterlevingskontroll 2022 - tilskot private barnehager	Kontrollutvalet tek revisor sin attestasjonsuttale frå forenkla etterlevingskontroll 2022 om tildeling av tilskot til private barnehagar, til vitande.		✓

OPPFØLGINGSLISTE 2022-2023

SAKER SOM MÅ GÅ OVER TIL NYTT UTVAL					
